



Nynorsk kultursentrum



HØGSKULEN  
I VOLDA

Kulturdepartementet  
Kunnskapsdepartementet

Volda og Ørsta, 12. september 2014

## Legg språksamlingane og Norsk ordbok til nynorskmiljø

Nynorsk kultursentrum og Høgskulen i Volda har drøfta saka om språksamlingane, digitaliseringa av dei første banda i Norsk Ordbok og det vidare vedlikehaldet av dette enorme ordbokprosjektet. Vi set stor pris på at Kulturdepartementet har arbeidd aktivt og målretta med saka den siste tida.

Både Nynorsk Forum og Nynorsk kultursentrum sende i sommar brev om saka. I dei breva blir det framheva at det viktigaste er å få løyst saka. Det same synspunktet fremjar vi, men vi ser det som særskild viktig at prosjektet blir ført vidare i nær kontakt og tett på eit robust nynorskmiljø. Dette var ein nødvendig føresetnad for at Norsk Ordbok kunne bli det verket det no er, saman med dei to handordbøkene som kom i 1986.

Med ulike nynorskmiljø ved Høgskulen i Volda og med Ivar Aasen-tunet som hovudstad for Nynorsk kultursentrum ønskjer vi å peike på dette miljøet som eit mogleg grunnlag for vidare arbeid med prosjektet. Per i dag har ikkje Høgskulen i Volda det kompetansmiljøet som trengst, men mange av dei andre nødvendige føresetnadene er på plass. Høgskulen satsar målretta på nynorsk innanfor academia, har bygt opp Forskingssenter for skriftkultur, hyser Nynorsksenteret og er mellom anna ein aktiv aktør i UH nett vest, der Nynorsk kultursentrum er observatør i Nettverk for nynorskforskning.

Mest aktuelt er dette viss ein ser for seg at språksamlingane kan drivast uavhengig av fysisk nærleik til ein ordbokredaksjon. Med den digitale plattformen Norsk Ordbok no har bygt opp, meiner vi at det redaksjonelle ordboksarbeidet kan, men ikkje må samlokaliseras med det miljøet som held språksamlingane ved like. Ei slik løysing som er todelt geografisk, men som held fast ved fagleg tett samarbeid, kan vise seg å vere like stabil som ei integrert løysing, særleg viss denne hamnar på sida av etablerte nynorskmiljø. Initiativet vårt skal *ikkje* stengje for eventuelle initiativ frå andre institusjonar med tung nynorsk legitimitet.

Desse synspunkta utdjuvar vi gjerne i ei kort utgreiing viss det skulle vere ønskjeleg, og/eller i eit møte, som grunnlag for eventuelle styrevedtak i institusjonane våre.

Med venleg helsing  
Høgskulen i Volda

Per Halse  
rektor

Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad  
direktør

### Kopi

Leiaren i familie- og kulturkomiteen, Stortinget  
Leiaren i utdanningskomiteen, Stortinget